

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 5 2023

Tidspunkt: 07. september, 2023, kl. 09.00 - 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Langes gate 1-3

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Liv Eide (PF-PPU), Lars Petter Storm Torjussen (PF-5LU), Katharina Sass (SV), Bjørn Ola Tafjord (vara, HF-AHKR), Myriam D. Coco (HF-IF), Jørgen Sejersted (vara, HF-nordisk), Johan Lie (vara, MN), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Karine Holthe Børstad (studentrepresentant), Bjørn Wigestrands (vara, studentrepresentant), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall:

Monica Håkonsli (VLFK), Steinar Sætre (KMD), Hilde Selbervik (fagleg praksiskoordinator, observatør) Katrine Aske og Thashany Pratheepan (studentrepresentantar)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 14. juni

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

- Orientering om drøftingar om samarbeid mellom UiB og VLFK om kunstig intelligens.

III Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleder

I møtet vil sakene bli gjennomgått etter følgjande rekkefølge: Sak 41 - 43/23, sak 40/23, sak 44- 50/23.

Drøftingssak

Sak 40/23 Redesign

Redesignprosjektet har ein tidsplan som er stram, fordi emneplanar og studieplanar må bli ferdigstilt innan 1. november. Det føreset jobbing i alle miljø, og at ein må ta endelege val.

5. september blei det arrangert seminar om praksis og profesjonsfag med fokus på samanheng og progresjon i ny modell. Som konkret oppfølging av seminaret skal det arrangerast eit møte i profesjonsfagmiljøa som tek opp spørsmålet om kortpraksis, og korleis aspekt ved kortpraksis skal inkorporerast i emnebeskriving for pedagogikk i 1. semester og for fagdidaktikkemne i 3. semester.

Når det gjeld kampusbasert praksis, går det føre seg eit arbeid med innplassering, innhald og emneansvar. Praksisutvalet har fått i oppdrag frå redesignprosjektet å formulere utkast til dette, i dialog med relevante aktørar.

Medlemmene i felles programstyre uttrykkjer behov for å sjå på resurssituasjonen i ny modell knytt til bl.a. overgangsordning og kampus-dagar, men også knytt til personal-ressursane.

Praksisbudsjettet vil kunne dekke utgifter til kampus-dagar, som t.d. eventuelt honorar eller godtgjering til eksterne bidragsytarar. Vidare vil lektorsenteret bidra med administrasjon av dagane og få drifta inn i system. Emneansvar for dagane må likevel dekkjast av eksisterande stillingsressursar i profesjonsfagmiljøa, og desse ressursane ligg under fakulteta sitt ansvarsområde.

Felles programstyre ynskjer at dei ressursmessige utfordringane ved praksis og redesignarbeidet generelt blir løfta opp i styringsgruppa for lektorutdanning.

Orienteringssaker

Sak 41/23 Studiestart for lektorutdanninga

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 42/23 Opptakstal og studenttal 2023

Programstyret var innforstått med at nedgang i studenttal i lektorutdanninga var del av ein nasjonal og internasjonal tendens.

Ei særleg utfordring er PPU-studiet. Det er ikkje uventa at søkjartala til PPU har gått ned, både på grunn av krav om mastergrad for opptak og på grunn av satsinga på lektorprogram. Dersom PPU skal "overleve" er det behov for nytenking kring rekruttering og programprofil. Fleire meinte det var ønskeleg å gjere noko meir grunnleggjande med PPU, og lektorsenteret vil i samarbeid med Det psykologiske fakultet, som er programeigar for PPU, følgje opp saka.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 43/23 Semesterplan for vårsemesteret 2024

Semesterplanen er utarbeida i samarbeid med dei involverte fakulteta og fagmiljøa og vert ikkje lagt fram til vedtak.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 44/23 Endring i rammeplan for lærarutdanningane

I sommar vart det vedteke justeringar i rammeplanane for lærar- og lektorutdanningane. For lektorutdanningane inneber justeringane, i form av forenklingar, bl.a. dette:

- Krav om praksis i tre av fem år (ikkje fire av fem år som tidlegare).
- Krav om gjennomført BA-oppgåve i løpet av dei første tre studieåra, ikkje nødvendigvis det tredje året.
- I staden for «praksisopplæring» skal ein snakke om «praksisstudium». Det er innført eit skilje mellom praksisstudium om det organisatoriske og praksis om aktivitetar. Det er presisert i skriv at praksis kan involvere meir enn aktivitetar i skulane.
- Det er ikkje lenger spesifisert krav om at fellesfag i vgs skal møte elevar på ulike studieprogram.

Forenklingane i rammeplanane er første fase i departementet sitt arbeid med å gjere styringa av lærarutdanningane meir overordna. I neste fase vil departementet sjå nærare på organiseringa av rammeplanane med mål om å redusere rammeplanstyringa.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 45/23 NOU 2023:19 Læring, hvor ble det av deg i alt mylderet? – Bruk av elev- og studentdata for å fremme læring

Denne vil komme som høyrings sak seinare.

Sak 46/23 Nasjonal lektorutdanningskonferanse

UiO arrangerer nasjonal konferanse om lektorutdanning 16.-17. november. Representantar i frå felles programstyre kan få dekkja reise og deltaking av midlar i lektorutdanninga, jf. e-post i frå Ranveig Lote 17.08.23.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 47/23 Forskingsdagen 2023

Forskingsdagen for lektorutdanninga vert arrangert 28. september og skal handle om *kontroversielle tema*. Dagen vil bl.a. innehalde innlegg frå dei fire lektorutdanningsfakulteta og ein panelsamtale med deltakarar frå lektorutdanningsfakulteta.

Sak 48/23 Nytt frå praksisutvalet

Fagleg praksiskoordinator har meld fråfall til møtet og referat frå førre møte i praksisutvalet vert ståande som orientering i saka.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 49/23 Ny studieforskrift ved UiB

Utkast til reviderte utfyllande reglar for lektorutdanninga ved UiB vil bli lagt fram for felles programstyre i løpet av hausten.

Sak 50/23 Eventuelt

Samarbeid mellom UiB og VLFK om kunstig intelligens.

Vestland fylkeskommune ønskjer samarbeid med UiB om kunstig intelligens i skulen.

Lektorutdanning, dekompetanse og kurs/kompetanseutvikling er nemnt særleg, og det har vore fleire møte om saka. Lektorsenteret, SLATE, UiB Videre og fylket blir no med i ei arbeidsgruppe.